



STATSMINISTERENS KONTOR

Pressemelding

Nr.: 65/1998
Dato: 27. mars 1998
Sperrefrist:

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Måndag 30. mars kl. 10.00 tek statsministeren imot parlamentspresidenten i Azerbajdsjan, Murtuz Aleskerov, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere. Kl. 16.00 tek statsministeren imot ambassadør Richard Holbrooke, den amerikanske presidenten sin meklar i Kypros-konflikten, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere.

Tysdag 31. mars kl. 10.00 leiar statsministeren eit møte i Regjeringa sitt Nord-Noregutval, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere idet møtet tek til. Etter møtet, omlag kl. 13.00 er deltakarane tilgjengelege for pressefolk same staden. Kl. 15.30 leiar statsministeren eit møte i Forumet for auka verdiskaping, på møterom 2025 i Akersgata 59 (R5). Det er høve til å fotografere idet møtet tek til. Etter møtet, omlag kl. 18.30, er deltakarane tilgjengelege for pressefolk i resepsjonen i R5.

Onsdag 1. april kl. 12.00 deltek statsministeren på eit seminar om internasjonale tiltak mot handvåpen, i Hausmannsgate 7 i Oslo. Seminaret vert arrangert av humanitære organisasjonar og forskingsinstitutt. Kl. 15.30 tek statsministeren imot presidenten i Mali, Alpha Oumar Konaré, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere. Etter møtet, omlag kl. 16.00, er dei to tilgjengelege for pressefolk same staden. Kl. 19.30 er statsministeren vert for ein regjeringsmiddag i høve president Konaré si gjesting, i Regjeringens representasjonsbustad i Parkvegen 45 i Oslo. Det er høve til å fotografere ved innleiinga.

Postadresse:
Postboks 8001 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersgt. 42
OSLO

Telefon –
sentralbord:
22 24 90 90
Org.nr.:
972 417 777

Presse- og Info.seksj.
Telefon: 22 24 40 07
Telefaks: 22 24 95 03

Statssekretær
Gunnar Husan
Telefon: 22 24 40 06
Privat: 22 49 19 30

Informasjonssjef
Øivind Østang
Telefon: 22 24 40 37
Privat: 22 22 28 01